

Styremøte Vikedal Bygdahus



Møtereferat

23.09.2024

Møtte: Johannes H. Leifsen, Asle Øverland, Erlend Nesheim, Ina Helmers, Nils Erik Eide
På sak 43/24 møtte Vagleik Bakkedal frå fasadegruppa

Møtte ikkje: Tone Helen H. Halleraker, Håkon Bakkedal

Sak	Agenda	Referat	Ansvar
40/24	Gjennomgang av referat frå sist møte...	Restansar blei lagt inn i handlingsplan for oppfølging av restansar.	Styret
41/24	Budsjett 2024	Årsmøtet vedtok at styret skal lage budsjett for 2024. Styret tek utg.pkt i rekneskapet for 2023 og styrer etter det. Leverer reelt budsjett neste årsmøte. Det er mange saker som har høgare prioritet.	Styret
42/24	Nytt inngangsparti idrettshall, bruk av garderobar og toalett	Denne saka hastar. Det er mykje unødig bruk av toalett og inngang i bygdehusdelen. Styret må lage ein plan på å «sperre av» bygdehusdelen og styre dei som brukar hallen til inngang ved Kyrkjehølen. Garderobar og toalett skal brukast i garderobedelen. Erlend og Johannes frå styret tek ansvar for dette.	EH/JHL
43/24	Fasaden idrettshall, lån for å fullføre?	<p>Vagleik Bakkedal frå fasadegruppa møtte på denne saka. Gruppa har funne ut at det er veldig dyrt med panel. Dei har sjekka opp med maling og fått veldig god pris. Dei har vurdert at ein treng vaskemiddel, grunning og maling to strøk.</p> <p>Totalt kostar sjølve malingen 44.000 kr pluss mva. Dersom ein tek vaskinga på dugnad og leiger inn sprøytemalarar til 100 000 kr så har ein ei maling som varer i 10 år. Skråveggen må ha vanleg husvask ein gong i året. Fuger må gås over først.</p> <p>Grovt rekna så treng ein 250 kg grunning og 500 kg maling. Gruppa ventar på fargekart, det er nok lurt å velja ein mørk gråfarge t.d, denne vil då også gå igjen på sjølve bygdahuset.</p> <p>I samband med dette har ein hytteeigar på Opsalsneset tilbydd gratis lån av stillas. Han heiter Tom Nilsskog og driv firma www.lauga.no. Suldal billakkering, har sagt ja til å lakkere skiltet på ny då det har begynt å falme og flaske av. Forutsetning er at det vert skridt ned.</p> <p>Vedtak: Styret vedtek å gå for løysing med maling slik fasadegruppa presenterte.</p>	

Sak	Agenda	Referat	Ansvar
		<p>Vidare arbeid:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fasadegruppa jobbar med transport og høyre korb lenge tilbodet står - Styret jobbar med å finne firma som kan ta på seg jobben med sprøyting. - Styret må organisera vaskedugnad når den tid kjem - Lagring av maling ordnar styret - Målet er å ha hallen ferdigmalt til 1. mars 2025. 	<p>VB/GSK</p> <p>JHL/EN</p> <p>IH</p> <p>JHL/AØ</p>
44/24	Kioskvindu kjøkken	Johannes har tatt mål og følger opp denne saka. Meir informasjon kjem på neste styremøte.	JHL
45/24	E-post frå Roots'n om sofagruppe, innkjøp av benker, «hytter» og frivilligfest...	<p><i>Etter rootsfestivalen lot vi stå igjen to sofaer ute i foajeen sammen med sofagruppe som har stått par år (tror eg) Er et greit disse står, eller skal jeg komme fjerne dem?</i></p> <p>Det er OK for styret.</p> <p><i>Som nevnt i melding til Ina så har vi måttet kaste flere benker i år pga dei rett og slett var så råtne at dei falt i fra hverandre. Noen før vi prøvde frakte dem ned til båthavnen.</i></p> <p><i>Vi har selv gått til innkjøp av 10 nye benker. Disse blir oppbevart under tak utenom rootsfestivalen for bevare kvaliteten etc. Vi tenker at det må nok investeres i flere benker for dei som er igjen som er felles holder ikke lenge. Båthavn foreningen snakker om å kjøpe i lag med oss. Jeg forstod slik at bygdehuset ikke har økonomi til det nå.</i></p> <p>Vikedal bygdehus og Idrettshall vedtek at ein går til innkjøp av benker til inntil 40 000 kr først når det er lagring til dei. Helst i tilknytning til huset. Samarbeid med Roots'n, Båttforening, NMK om dugnad til å få dette til.</p> <p><i>Vi har og en fordeling av disse 4 hyttene bak bygdehuset. Det er ikke av roots'n sin interesse beholde for vår del. Ved befaring i fjor som i år, så peker brannvesenet at dei står inntil husveggen og sko noe sette fyr på disse så er det er en reel fare for hele hallen.. Dette til tross for murvegg. Brannen gå spre seg via andre områder som kanaler, tak etc. Spørsmålet er da, skal vi gå ut på sosiale medier gi disse vekk mot at dei blir hentet på kostnad fra den som henter?</i></p> <p>Ja, styret støttar at dette skal ut på SOME snarast.</p> <p><i>Vi tenker ha en frivillig kveld / åpen for alle. Økonomisk sett har vi Anton Holten minnefond, som vi legger penger i 100%. Vi ser for oss at en slik kveld, vil vi legge overskuddet inne i minnefondet. MEN på en annen sode så trenger også bygdehuset penger, så kanskje vi skulle sett på gjøre dette i lag, der overskuddet deles på minnefondet og bygdehuset?</i></p> <p><i>Hva tenker dere? Da må dette bli en kveld der vi drifter dette i lag fra start til slutt. Vi ser gjerne for oss i løpet av høsten.</i></p> <p>Styret er ikkje interessert då det er planar om eigen pub i jula, det er begrensa kapasitet med personar.</p>	<p>Styret</p> <p>IH</p> <p>IH</p>
46/24	Avsperring og parkering ved idrettshall	<i>Eg synes at det kunne vore sperring for kjøretøy på begge sider av inngang til idrettshallen. Nå på haust og vinter så er det møykje ungar som spring inn og ut av hallen når det er trening, i tillegg til at det faktisk er trafikk forbi der, dette er er lite gunstig mtp dårlig belysning og små ungar. Det er møykje kjøring rundt hallen og då på gruspartiet</i>	

Sak	Agenda	Referat	Ansvar
		<p>på baksida, og der det blir dårligare for kvar veka. Grusplassen er vel nesten som eit lager å rekna, så jedna det kunne vore sperra av mot kunstgrasbanen og? Tippa at dei som er å trenar klarar å parkera på parkeringsplassen og gå rundt hjørna (Johs 29.08.24)</p> <p>Sjå i samband med sak om inngangsparti (42/24)</p>	
47/24	Jubielumsfesten 2024	På grunn av mange pågåande viktige saker så vel styret å utsetja jubielumsfesten for bygdahuset til våren 2026, då er idrettshallen 15 år og truleg er huset ferdig opprusta. Då kan ein feire både bygdahuset sin 25 årsdag og idrettshallen sin 15 årsdag på ein gong.	Styret
48/24	Forying av leigeavtalar Vindafjord kommune og Vindafjord IL	<p>Styret har sendt brev til både kommunen og idrettslaget datert 04.09.24 og invitert dei til å møta på dette styremøtet dersom dei ikkje imøtekjem med aksept eller forslag til ny leigepris.</p> <p>Det er kome svar frå Vindafjord kommune der dei justerast leiga etter indeks, altså frå 110 000 kr/år til 150 000 kr/år pluss mva.</p> <p>Det er også kome svar frå Vindafjord IL der dei seier seg einig i forslag frå styret i VBH om å auke frå 220 000 kr/år til 250 000 kr/år pluss mva.</p> <p>Det betyr at det då kjem 70 000 kr meir per år i inntekt på desse to leigeavtalane.</p> <p>Det er nettopp sendt faktura etter gamal avtale, styret skriv til begge to om det er mogleg å få fakturert differansen mellom gamal leige og ny leige.</p>	IH
49/24	Vurdere dagleg leiar Vikedal bygdahus og idrettshall?	<p>Alle bruker huset «fritt» som eit ope hus, ingen kontroll på koder, skifting av kode. Mykje meir organisasjon må til og en daglig leder kan absolutt avlaste med alt dette inkludert ta seg av booking, vedlikehald, utleige, organisert dugnad og mykje meir. Huset er for tida «ute av kontroll». Det forfaller i alle retningar, med ein dagleg leiar så hadde me fått ein person som hadde betalt for å passe på at alt er på «G» og ikkje minst kunne pushe på for å skaffe meir inntekt. 20 % stilling er ca 120 000 i året, kunne me fått laga og organisasjonane i andelslaget til å «spytt inn» midlar til å finansiere ei slik stilling? Dette hadde me fått igjen for.</p> <p>Styret jobbar med ei årsmøtesak med finansiering, saka vert lagt inn i styret sin i handlingsplan.</p>	NEE
50/24	Klatrevegg i hallen?	<p>Etter synfaring saman med ei gruppe som jobbar med å realisera ein klatrevegg i idrettshallen, ser styret dette prosjektet som veldig positivt. Det er sendt ut sp.mål på mail til andelseigarane om dette er noko ein treng ta på ekstraordinært årsmøte eller om det er opp til styret og seia «go». Det er viktig å informere leigetakarane våre om dette og høyre deira syn før me tek endeleg avgjerd. Så langt har fire av andelslaga gitt positiv respons.</p> <p>Gruppen som jobbar med dette sender søknad om tilskot og informerar styret om status fortløpande. Dette er, som sagt, ei positiv sak, som skapar meir aktivitet for barn, unge og eldre i bygda, spesielt for dei som ikkje deltek eller er så glad i lagidrett.</p>	-
51/24	Eventuelt	<p>- Vikedal Bygdahus, registrering som Grasrot – oppfølging av tidlegare sak:</p> <p><small>⚠ Organisasjonsnummeret tilhører en virksomhet som ikke kan registreres i Frivillighetsregisteret. Det er bare aksjeselskap, for registreres i Frivillighetsregisteret. Skal du sende meldinger for denne virksomheten til Enhetsregisteret og/eller Foretaksregisteret registermelding G.</small></p>	

<i>Sak</i>	<i>Agenda</i>	<i>Referat</i>	<i>Ansvar</i>
		<p>Nils Erik har sjekka opp dette og konklusjonen er at Vikedal Bygdahus ikkje kan registrerast i Frivillighetsregisteret grunna at det er eit andelslag.</p> <ul style="list-style-type: none"> - «Bandygjengen», som trenar fast to gonger i veka i hallen ønskjer fast pris slik at dei slepp å Vippse for kvar gong. Johannes tek ballen tilbake og ber om eit forslag tilbake til styret. 	JHL
52/24	Restansar frå tidlegare møte som må tas opp igjen...	<ul style="list-style-type: none"> - Justering av utleigeprisar - Fornying av sponsoravtalar i hallen - Innkjøp av bord og stolar - Ombygging av baren - Kjøkken – oppgradering - Gåvefond, sponsorar - Premieskap i garderoben <p>Desse blir flytta over i handlingsplanen til styret for vidare oppfølging.</p>	NEE

01.10.24

Nils Erik Eide